



FOLKEAKSJONEN I
HARDANGER
FOR KRAFTOVERFØRING
MED SJØKABEL

WWW.STOPPKRAFTLINJA.NO

Sima – Samnanger sett i eit regionalt nettperspektiv

Eigenproduksjonen i BKK området er ein viktig faktor for å forstå overføringsbehovet mot Bergen og Kollsnes.

Produksjon og behov:

BKK produserer i dag ca 1660 MW med gasskraftverket på Mongstad. Behovet i BKK området i januar 2010 nådde ein ny topp med 1810 MW. Produksjonskapasiteten på 1660 MW, er ikkje til ein kvar tid tilgjengeleg. Teoretisk er det eit underskott på 150 MW i dag. Ekstrembehovet i januar er kanskje 200 MW større enn det vanlege forbruk og kan forklarast med den uvanlege kalde vinteren. Om sommaren er behovet betydelig mindre.

Nettet til Bergen og BKK området

Som vist er underskotet min. 150 MW. Dette kan variere alt etter produksjonsviljen i BKKområdet. Eit stigande kraftforbruk gjer at underskotet vil auke mot 2015 til ca 295 MW. Underskotet må hentast inn frå 2 linjer: 300kV frå Fardal og Mauranger som igjen er kopla inn i det nasjonale sentralnettet med andre 420kV linjer. Fardal- Modalen og Mauranger – Samnanger har kvar ein kapasitet på 800 MW. Statnett har uttalt at desse linjene skal spenningsoppgraderast til 420kV. Ei vanleg oppgradering vil gje ein forventa kapasitetsauke på minst 100%. I tillegg vil nettapet reduserast.

I nettutviklingsplanen for 2008 og 2009 er spenningsoppgradering diskutert og det vert vist til fleire prosjekt og forskning på dette fagfeltet. Det er vanskeleg å forstå at Statnett ikkje har gjort desse oppgraderingane tidlegare, sett i lys av det veksande forbruket i Bergensregionen og den uttalte bedriftsstrategien for å nytta eksisterande nettkapasitet.

Spenningsoppgradering av dei to linjene frå Fardal og Mauranger bør vera første prioritet og utgreiast.



Modalen-Kollsnes

BKK har planar om nye linjer frå Kollsnes til Modalen via Mongstad og Matre. Dette vil gje ein tredje veg inn til Bergen som går frå Kollsnes til Fana. Prosjektet har stor verdi for nettkapasiteten og kan i periodar avlaste Fardal-Samnanger. Matre og Modalen i lag med gasskraftverket på Mongstad, vil produsere ca 700 MW. Dette kan sikre kraft til Kollsnes og Bergen i tilfelle brot på linja Fardal-Modalen.

Framtidsenario:

Ei spenningsoppgradering av dei to 300kV linjene inn til BKK vil garantere området nok vinterkraft i minst 20 år. Under arbeidet med oppgraderinga vil BKK måtte ta omsyn til.

1. Oppretthalda ein stor eigenproduksjon vinterstid.
2. Ikkje eksportere uavgrensa kraft sommarstid.



BKK hadde planar om eige gasskraftverk på Mongstad og sendte ein konsesjonssøknad til NVE. Dei skreiv følgjande på nettsidene 14.12.07: ***”Kraftverket vil trygge kraftforsyningen for husholdninger og næringsliv i Bergensregionen.... Kraftforbruket vil øke betydelig fremover. Tilgang på ny kraft er avgjørende for videre næringsutvikling i Bergensregionen. BKKs gasskraftverk skal bidra til at kraftforsyningen skal være til å stole på også i fremtiden, uten fare for rasjonering eller utkopling på grunn av for liten kapasitet....”***

Nettportalen til BKK sept 2009 seier dette: ***”Da vi startet å jobbe med gasskraftverk i 2005, var hensynet til sikker strømforsyning en viktig drivkraft. Situasjonen var i ferd med å bli anstrengt, og videre planer for olje- og gassindustrien i området ville skape ytterligere behov for mer kraft. Beslutningen om ikke å realisere Trolls videreutvikling reduserte det akutte kraftbehovet, og BKK Nett har også planer for å forsterke nettet. Det haster derfor ikke lenger med å øke den lokale kraftproduksjonen i området. ”***

Dette kan delvis illustrere kraftsituasjonen i Bergensregionen og viser kor komplisert politikken er på dette området. Statnett meiner det berre er ei løysing på problemet, men sitata over viser at kraftsituasjonen på langt nær er så alvorleg som Statnett hevdar.

På vegne av ”Folkeaksjonen i Hardanger”

Jan Ivar Rødland
Klaus Rasmussen

Øystese 07.02.10

Folkeaksjonen i Hardanger for kraftoverføring med sjøkabel er støtta av:

